



# Kvinnherad kommune

Kultur og fritid  
Kulturkontoret

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

facebook.com/kvinnherad

Hordaland fylkeskommune  
postboks 7900

5020 BERGEN



Saksbehandlar  
Linda Øen

Tlf. direkte innval  
53483231

Vår ref.  
2013/475-5

Dykkar ref.

Dato  
03.10.2014

## Klage på fordeling av tilskot til lokale kulturbygg, anleggsnr. 1224 0122 03 - Kvinnherad kulturskulesenter

Eg viser til brev om fordeling av tilskot til lokale kulturbygg dagsett 09.09.14, registrert 11.09.14  
Kvinnherad kommune er ueinige i grunngjeving for avslag på denne søknaden. I avslagsbrev står  
følgjande grunngjeving

«Prioritert som nr 3 av Kvinnherad kommune. Fylkesrådmann viser til avslag på same sak i 2013:  
«Hordaland fylkeskommune har hittil gjeve tilsagn totalt på kr 21 000 000,-. Fylkesrådmannen tilrår  
ikkje meir tilskot.» Fylkesrådmannen tilrår å oppretthalde dette.»

Kvinnherad kommune klagar med dette på vedtaket med følgjande argumentasjon:

- Kvinnherad kommune kan ikkje sjå å ha motteke avslagsbrev med denne grunngjevinga for søknad innlevert i 2013, det er derfor ikkje klaga på slik avgjerse i førre søknadsrunde.
- Avslaget peikar på at Hordaland fylkeskommune hittil har gjeve tilsegn totalt på 21 000 000,-. Vi vil gjera merksam på at midlane det her er snakk om er kompensasjonsmidlar. Då ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift blei endra frå 1. april 2004, blei det innført ei ordning med kompensasjon til dei kommunane som vart påverka. Midlane vert løyvd av Kommunal- og moderniseringsdepartementet og fylkeskommunen forvaltar midlane. Det er heilt klart slått fast at midlane skal gå tilbake til dei kommunane som vart påverka av ordninga med diff. arbeidsgjevaravgift. Vi kan på ingen måte finna dokumentasjon på at dette er å sjå på som fylkeskommunale midlar. På bakgrunn av dette meiner Kvinnherad kommune at å verta ekskludert frå å søkja på andre fylkeskommunale midlar på bakgrunn av at prosjektet har motteke kompensasjonsmidlar ikkje vert rett. Vi vil og gjera merksam på at andre prosjekt i Kvinnherad som har motteke kompensasjonsmidlar også har motteke spelemidlar til idrettsanlegg.
- Kvinnherad kommune var tidleg i prosessen i kontakt med Hordaland fylkeskommune for å drøfta kva tilskot som var mogleg å søkja på til Kvinnherad kulturskulesenter. Kommunen vart i desse samtalane råda til å søkja på ordninga spelemidlar til lokale kulturbygg og det har heilt frå starten vore klart at kompensasjonsmidlar vil utgjere store delar av finansieringa av senteret. Vi har og i fleire søknadsrundar fått tilbakemelding på at søknaden er formelt i orden og stiller oss undrande til at dette vert omgjordt.

På bakgrunn av dette ber Kvinnherad kommune om at Hordaland fylkeskommune tar grunngevinga for avslag opp til ny vurdering og opnar opp for at Kvinnherad kommune kan søkje på midlar til lokale kulturbygg for Kvinnherad kulturskulesenter i 2015.

Med helsing

Linda Øen  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*